




# På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd: B. Haukanes, A.R. Hauge og B. Bødker



## frå kyrkjeboka



### Døypte

17.2.

- Nataniel Gangstø-Nordbø
- Louise Kulild Trengereid
- Mailinn Beckstrøm Knudsen



### Døde

3.2

Olaug Trengereid

4.2

Kai Albert Foss

11.2

Anna Gunnhilda Skulstad

## kyrkjekalenderen

### Mars

Søn.3. kl. 11.00 - Ådland  
**Gudsteneste**  
Nattverd

Søn.10. kl. 11.00 - Ådland  
**Familiegudsteneste**  
Dåp

Fre.15. kl.19.00 - Haga  
**Konsert**  
av Mannskoret Brage og  
Elise Varne

Søn.17. kl. 16.00 - Haga  
**Kompisgudsteneste**  
Andakt v/ Line Bjørhovd

Søn.24. kl.18.00 - Haga  
**Gudsteneste palmesøndag**  
v/ John Abelsæth  
Nattverd

Tors.28. kl. 18.00 - Haga  
**Gudsteneste skirtorsdag**  
Nattverd

Fre.29. kl. 11.00 - Ådland  
**Gudsteneste langfredag**

Søn.31. kl. 11.00 - Ådland  
**Høgtidsgudsteneste**  
**påskedag**  
Dåp  
Nattverd



I kristendommen har faste spela og spelar framleis ei sentral rolle. Faste vart sett på som eit middel til å reinsa sjela og som ein måte å koma endå nærare Gud i bønnelivet. Det vart etter kvart spesielle tider der dei kristne skulle fasta, t.d. einskilde dagar kvar veke, og altså den 40 dagar lange fasta før påske. Det er denne fastetida me no er inne i. Dei 40 dagane skal minna oss om at Jesus fasta så lenge i øydemarka før han tok til i si gjerning (Matt 4, 1-11)

Fastetida vart til i den første kristne kyrkja som ei førebuingstid til påske, då dei truande gav seg sjølve til Gud på nytt, og då nye kristne vart opplærde i trua og førebudde til dåpen påskenna/ påskemorgon.

**Karneval** ( eigentleg «carne vale» == kjøt farvel) vert enno feira rundt om i verda. Frå gammalt av var det ein tre dagar lang fest der ein skulle ta for seg av alt det ein måtte forsaka når fastetida tok til.

**Fastelavn** (frå tysk: Fastelabend = kvelden før fasta) er siste sundagen før fastetida tek til. Her skulle ein unna seg god, feit mat og slik verta betre budd til fastetida. Me et gjerne bollar med krem denne dagen, sjølv om dei fleste av oss ikkje tek det like alvorleg med fasta etterpå!

Til fastelavn knyter det seg også gamle førkristne skikkar, mellom anna fastelavns-riiset. Kvinner, dyr og tre skulle vekkjast til «fruktbarhet» ved slag av livskvisten. Framleis er riset eit teikn på nytt liv, og at det skal spretta ut til påske, peikar på livet knytt til Jesu oppstode på påskedag.

**Blåmandag** – dagen etter fastelavn. Ein er litt usikker på kvifor dagen har fått dette namnet, men ei forklaring er at alteret i kyrkjene i middelalderen vart dekte med ein blå duk. Den liturgiske fargen lilla var så dyr at dei fleste ikkje hadde råd til han.

**Feitetydsdag** var dagen for riktig å fylla seg med god, feit mat slik at ein stod godt rusta til

**Oskeonsdag** då fastetida tok til. Oske er i bibelsk tyding eit teikn på anger og sorg. I svært gammal tid var det vanleg å kle seg i «sekk og oske» denne dagen.

Det er 45 dagar frå oskeonsdag til påskeafta, men sundagane vert ikkje rekna med i fastetida. Sundagen skal vera ein festdag til minne om at Jesus stod opp frå grava.

**Den stille veka** kallar ein den siste veka i fastetida.

**Palmesundag** – som altså ikkje var ein faste-dag – var festdagen då Jesus reid inn i Jerusalem. Folket hylla han som ein konge og kasta palmegreiner på vegen der han for fram.

Måndag, tysdag og onsdag følgjer me Jesus frå reinsinga av templet for pengevekslarar til Oljeberget der han fortel læresveinane at Jerusalem kjem til å verta øydelagd, og me høyrer om Judas som planlegg å svika Jesus.

**Skjærtorsdag** – eller skirtorsdag – vert feira til minne om den siste kveldsmaten (nattverden) og at Jesus vaska føtene til læresveinane – ei handling som skulle visa at Jesus også kom som ein tenar. Det er frå dette dagen har fått namn: det gamle norske ordet «skira» tyder å vaska, reinsa.

**Langfredag** er som namnet seier, den lange dagen for Jesus der han hang på krossen i mange timar før han døydde.

**Påskeafta** er den siste dagen i den stille veka og i fastetida, ein dag då kristne med sorg minnest tida Jesus låg i grava. Så munnar det heile ut i

**Påskedag** – jubeldagen då Jesus stod opp av grava og såleis hadde fullført det som var Guds plan for han og for frelsa til menneske.

Til slutt eit sitat frå heimesida til Den norske kirke som kan peika på kva faste kan vera for oss: «Fastetiden er en tid for øvelse, - skjerpe sansene, lydhørheten, få øye på ditt eget liv, menneskene rundt deg, og Gud.»

A.R.H.

## Mindre midlar til trusopplæring Kan du tenkja deg å vera med og støtta?



”Kompisar” leikar i kyrkja på Haga, saman med barnearbeidar Line Bjørhovd

Heilt sidan kyrkjelyden tilsette ungdomsprest i 1988, har me hatt ei gjevarteneste til å hjelpa oss med kostnadene. Kyrkja har mange trufaste gjevjarar, som i årevis har støtta opp vårt arbeid mellom unge i bygda. I 2007 var me så heldige at me fekk midlar frå staten til eit trusopplæringsprosjekt. Dette gjorde at me kunne tilsetja ein barnearbeidar, i tillegg til den leiaren for ungdomsarbeid me alt hadde. (No leiar for trusopplæringsarbeid i 50% stilling.) Frå og med sumaren 2012, fekk me skore ned i dei statlege midlane. Heile prostiet skulle no få trusopplæringsmid-

lar, og potten var ikkje stor nok til at me kunne behalda den summen me tidlegare hadde: Me får over 100 000 kr. mindre i året å rutta med. Samstundes skal me få på plass trusopplærings tiltak for alle døypte frå 0-18 år. Me har framleis barnearbeidar, men berre i 30% stilling, og skulle gjerne ha auka denne stillinga noko. Kunne du tenkja deg å gje ein fast sum i månaden for å støtta trusopplæringsarbeidet i kyrkjelyden? Kontonr. for slike gåver er 3562.07.01910. Ordna fast trekk med banken og registrer deg som gjevjar på kyrkjekontoret. TAKK!

## Feelgood - song



Jau, det vert korprosjekt i vår også! Sidan me har Alpha-kurs som går i kyrkja til over påske, har me venta litt med korprosjektet. Men onsdag 10. april startar me opp med øvingar fram mot konsert 26. april. Det er Solhild Røen Hauge som vert med som solist denne gongen. Ho har plukka nokre songar som koret også skal få vera med på. Den eine heiter faktisk “Feeling good” og dette er tonar som gjev gode “vibbar”, meiner Solhild! Når ein i tillegg veit at berre det å få syngja i kor kan få gleder til å stiga fleire hakk, er det berre å hengja seg på.

Det vert eit lite prosjekt denne gongen, med tre øvingar og konsert. Dette kan dei fleste greia å få tid til, håpar me! Ei særleg oppmoding går til dei på Solhild sin alder om å prøva seg i koret. Sjølv om dei på 40-, 50-, 60-, 70- og 80-og-noko sjølv sagt vert tekne imot med opne armar som før,

så hadde det vore kjekt å få med seg ein gjeng yngre songarar også. Me har øvings-cd til alle stemmene, så det går an å få øvd heime, sjølv om du ikkje er så god i notar og ikkje har piano i huset. Øv når du vaskar opp, køyrer bil eller for dei tøffaste: når du er ute og går tur! Dei som har vore med på korprosjekt før, får brev som vanleg. Er du ny, kan du melda deg på til kontorane våre (56 58 65 43) eller til kyrkjekontoret (56 58 90 10). VEL MØTT! Så får me til ein skikkeleg “Feelgood-konsert” i slutten av april. Dette gler me oss til!